

Øvre Naustdal Utmarkslag
V/Normund Svoen svoens@gmail.com
Leiar

08.01.12

Til Naustdal kommune
Fagkonsulent skog ved Henning Malones

Krav om større lempelighet ved vurderingar av dispensasjonssøknader om motorisert ferdsel i landskapsvernområdet for grunneigarar.

Sidan det er Naustdal kommune som handsamar dispensasjonssøknader vedr. motorisert ferdsel i områder av Naustdal- Gjengedal landskapsvernområde som ligg innanfor grensa til Naustdal kommune henvender vi oss difor dit vedr. denne saka.

Når grunneigar søker om løyve til snøscootertransport til oppdrag på bygningar i LV-området har det inntil no vore gitt løyve for ein svært begrensa periode i tid. P.g.a. varierende verforhold med bl.a uver med mykje nedbør som snø eller regn eller vind medfører slike korte fristar at det ofte blir svært vanskeleg/umogeleg for grunneigaren å få gjennomført oppdraget innan fristen.

Slik som vintrane dei siste åra har vore er det avgjerande at grunneigar har rikeleg tid på seg til å gjennomføre oppdraget. Fristen bør vere på minst 6 veker. Så får heller kommunen gjere krav om rapportering når oppdraget er gjennomført. Slik situasjonen og regelverket er no blir dette ein vesentleg hemsko for at grunneigar kan ta vare på eigedomane sine på ein forsvarleg måte og fleire fortviler no kraftig.

I etterkant av ekstremver må grunneigar også ha ein nødrett til å nytte snøscooter for å sjå til bygningar i LV-området utan å måtte vente på handsaming av dispensasjonssøknad. Ved eit såkalla nødrettsløyve kan kommunen her forlange rapport i etterkant.

Situasjonar der nødrett kan brukast vurderer vi

-ekstremver med mykje vind og nedbør

-store snømengder med fare for at snøtyngda kan skade bygningar.

Regelverket i LV-området er allereie ein betydeleg belastning for utøving av næringsdrift for grunneigarar i området. Det er heller ikkje gitt nokon individuell økonomisk kompensasjon for dette. Handheving av regelverket må ikkje føre til ytterlegare belastning for grunneigarane som i verste fall fører til skade og/eller forfall av bygningar i området. Oppretthalding av bl.a. stølsmiljø har vore sett på som eit viktig kulturiltak innanfor landskapsvernområder.

Med helsing

Normund Svoen (sign)
Øvre Naustdal Utmarkslag/leiar